

## Årsmelding for Edru Livsstil Nordhordland 2017

---

### Årsmøte 2017

Årsmøtet 2017 vart halde i *Lindås Kyrkjelydssenter* på Lindås onsdag, 22. februar kl.19.00 – 21.30. Ni medlemer var til stades under møtet. Det var servering av snittar og kaker med kaffi, te og saft.

Årsmøtet gjorde attval på Frank Erik Henriksen til leiar for eitt år, samt attval på styremedlemene Sverre Solberg for eitt år og Kjetil Jacobsen for to år. Marit Barene og Kjell Olav Hjellum stod ikkje på val då dei var vald for to år på sist årsmøte. Årsmøtet valde i tillegg Sissel Anny Hjelmtveit som vararepresentant for eitt år.

### Medlemstal pr. 31.12.17.:

Ved utgongen av året hadde laget 24 betalande medlemer mot 28 året før.

### Økonomi

<b>Inntekter:</b>	<b>kr. 83 124,31</b> (dette inkluderer overførte midlar frå 2016; kr. 28813,08 og inkludert borne-konto på kr.41 973,23)
<b>Utgifter:</b>	<b>kr. 6 693,84</b>
<b>Konto ved utgangen av året:</b>	<b>kr. 76 430,47</b> (inklusive borne-konto på kr. 41 973,23)

### Styret sitt arbeid

Styret har halde 2 styremøter (30.mai 2017 og 18.januar 2018) og handsama 6 saker. Styret har også sendt inn høyringssvar på saka om «Forslag til revidert alkoholpolitisk plan for Lindås Kommune».

### Verving

Det har vore arrangert vervearbeid i 2017. Marit Barene og to til frå administrasjonen stod vervestand på Knarvik senter torsdag, 8.juni som er nasjonal «Rusfri Dag». Det har også vore verva på privat initiativ i romjula. Tre nye medlemer er meldt inn i laget i 2017. Tre medlemer til vart verva i romjula, men dei betalte dessverre ikkje kontingent før på nyåret.

### Lokale arrangement:

Styret har ikkje hatt lag-arrangement etter sist årsmøte, men har i staden satsa på opne tilbod gjennom tiltaket «God Helgestart». Målet var å starte eit rusfritt tilbod retta mot personar over 18 år, med hovudvekt på menneske med innvandrarbakgrunn, eldre og/eller einsame, eit tilbod om eit positivt og kjekt miljø som har fokus på inkludering, respekt, humor, gode samtalar, venskap, nettverksbygging, tryggleik og meistring - i et rusfritt miljø.

I tett samarbeid med Frivilligsentralen i Nordhordland fekk vi kostnadsfritt låne Frivilligsentralen sitt lokale til arrangementa sidan tilbodet er eit tilbod retta mot kommunen si befolkning og er oppfatta av kommunen som eit positivt frivillighetstiltak. Tiltaket var tenkt ein fredag i vår og tre fredagar i haust, men av ulike årsaker vart det berre gjennomført ein kveld, 28.april. På arrangementet kom få personar, sjølv om tiltaket vart profilert i lokalavisa Nordhordland, både i papirutgåva og på avisa si nettside, + profilering på kommunen si nettside, «Kva skjer i Nordhordland» og på Frivilligsentralen Nordhordland

sine nettsider. Vi ønskjer å satse sterkare på dette tiltaket i 2018.

<u>Inntekter:</u>		<u>Kostnader:</u>	
Lindås kommune	kr. 6 000,00	Aktivitet	kr. 6 601,84
Actis Hordaland	kr. 5 000,00	Bank	kr. 92,00
mva-refusjon	kr. 901,00	Tenester sentralkontor	kr. 0,00
Kontingent	kr. 400,00		
Renter	kr. 37,00		
<b>Totale inntekter:</b>	<b>kr. 12 338,00</b>	<b>Totale kostnader:</b>	<b>kr. 6 693,84</b>

#### **Deltaking på distriktet sine arrangement:**

Frank Henriksen og Kjell Olav Hjellum frå styret deltok på årsmøtet i Horda distrikt som vart halde i Ljoshall i Arna. Kjell Olav Hjellum deltok også på distriktet sin julefest. Edru Livsstil Nordhordland har ikkje selt loddbøker for distriktslotteriet i 2017.

#### **Sentrale arrangement:**

To styremedlemer deltok på landsmøtet i Molde 23. – 25.juni, Frank Henriksen og Kjell Olav Hjellum.

#### **Anna:**

Leiar i laget er vald til representant i det sentrale utvalet for ruspolitikk. Utvalet arbeider med høyringssaker, pressesaker o.a. politisk arbeid. I 2017 vart det halde to utvalsmøter.

Marit har hatt eit lesarinnlegg i lokalavisa Nordhordland med emnet «Intet nytt under sola» i samband med skjenkeløyvesaka i Storstove på Leknes som skulle vedtakast i kommunestyret 10.mai. Frank ringte også nokre politikarar og lobba om å fronte eit «nei til alkoholservering». Ordførar Astrid Aarhus Byrknes sendte skriftleg takk for engasjementet.

Elles sende leiar Frank inn to pressemeldingar til lokalavisa etter landsmøtet, men ingen av dei kom på trykk.

.....  
Stad og dato

.....  
Signatur leiar Frank Erik Henriksen

Sverre Solberg/s

Kjell Olav Hjellum/s

Marit Barene/s

Kjetil Willie Jacobsen/s